



## Referat frå Årsmøte Jæren turlag 10. februar 2022 kl 19.00 – 21.00 i Time bibliotek

Leiar Anne Reidun Garpestad ynskte velkommen og presenterte Henry Tendenes, tidlegare leiar av Jæren friluftsråd og Anne Katrine Lycke kontaktperson for turlaga i Stavanger Turistforening.

Det var 23 frammøtte.

1. Godkjenning av innkalling – godkjent utan merknad
2. Val av ordstyrar – Anne Reidun Garpestad valt ved akklamasjon
3. Val av referent – Solfrid Grødem valt ved akklamasjon
4. Val av to til å godkjenne referatet – forslag frå salen Helga og Hans Klausen – valt ved akklamasjon
5. Foredrag ved Henry Tendenes: ord og bilder frå noen av mine turer på Jæren  
Henry Tendenes tok oss med på ein tur over Jæren i ord og bilete.  
Turen starta langs stranda følgt av Jag trivs best i øppna landskap med Ulf Lundell.  
Han tok oss med frå Kvassheim fyr og sørover på opparbeida sti mot Ogna. Vidare nordover til Varhaug gamle kyrkje med minner frå skipsforlis til Obrestad fyr til Håtanget med solnedgangar utan make og heilt til Friluftshuset på Orre. Borestranda med utsikt mot Feistein fyr.  
Innlandskommunen Time har fått Midgardsormen som og gjer adgang til Njåskogen som vart etablert på slutten av 1800 talet.  
Melsvatnet er antakeleg det mest besøkte turområdet på ein vanleg dag. Herifrå kan ein gå til Selandskogen som er verna, med edellauvskog og steingardar.  
Frå Frafjord kjem ein via Månavossen til garden Mårn. Det er og mogleg å koma dit om ein klatar Via ferrata ruta.  
Køyrer ein gamle vegen til Frafjord via Giljastølen får ein fantastisk utsikt til Frafjord ca 50 meter frå bommen.  
Han synte og bilete og fortalte om fleire turområde i Gjesdal som tur rundt Råsavatnet på Gilja, merka løyper til diverse topper og steler frå Dirdal.  
Brekka, like fint sommar som vinter. Hålandsskogen og Neseskogen.  
Masser av flotte bilete og interessante historier.

6. Nytt frå Stavanger Turistforening ved Anne Katrine Lycke  
Ho fortalte om satsingsområda til Den Norske Turistforening og korleis det vert tilpassa lokale forhold i Stavanger Turistforening.  
I år er hovudfokus på Frivillige – Dugnad og Medlem.  
I 2021 var hovudfokus Kortreist friluftslykke.  
Fjeløy fort, Fyrvoktarboligen på Egerøy, Eit lite naust med robåtutleige på Storhaug, Nodhagen

på Bersagel, eit lite naust på Reime og eit lite skjær på Kvitsøy var nokre av prosjekta som var sett i gang då.

ReTuren er ei nyoppretta systove i STF sine lokalar. Her kan ein få tips til korleis ein kan reparera turutstyr eller få det reparert av dyktige sydamer.

Frilager for uteleie av utstyr.

Ansatte i SFT har nå kontor i 2. og 3. etasje i jernbanebygget. Det kvite huset vert ombygd med tursenter på grunnplanet og fokus på frivillighet. Det vert også installert heis i bygget.

Pause med enkel servering

#### 7. Informasjon om turar i Jæren Turlag i 2022

Marta Dale – leder av Barnas turlag for barn 0 – 12 år.

Ho fortalte om gjennomførte turar i 2021 og planlagde turar i 2022.

Anne Grete Madland Tjemsland – leder av Fjellturgruppa

Målgruppa er ungdom, vaksne og seniorar. Turane går i ulent terreng.

Ragnar Egeland – leder av Høgt og Lågt som primært er tilrettelagt for 60+ men andre er også velkomne. Turane går høgt og lågt i mange kommunar.

Anne Reidun Garpestad – leiar av Nærturgruppa. Turane går annankvar onsdag kl 17.30.

Sjå turprogrammet og foldaren for nærturane for detaljer om alle turane i 2022.

#### 8. Kort informasjon om dugnadsprosjekt i regi av Jæren Turlag

Dagsturhyttene er på plass i Gjesdal - Fisketjørnbu, Klepp - Frøya, og Hå - Tvitjørnbu, i Time må ein vente på avklaring om evt hekkande hubro. Sjøbua på Reime. Det vert etablert dugnadslag for kvar av desse for enkelt vedlikehald. Dugnadslaget i Hå er på plass.

#### 9. Årsmelding

Leiar Anne Reidun Garpestad la fram årsmeldinga, den var godkjent utan merknad

#### 10. Årsrekneskap

Kasserer Nadine Friese la fram resultatrekneskapen, den vart godkjent utan merknad.

#### 11. Val av styret for 2022.

Valkomiteen ved Margreta Clementsen la fram innstillinga. Valet var gjennomført etter innstillinga ved akklamasjon.

Randi Otterlei Malmin og Ronny Rustøen vart takk for verv i styret og valkomité med blomar.

Referent

Solfrid Grødem

*Helga Klausen Hans Klausen*